

Skulekvalitet og skulekrinsar

Det er ikkje tvil om at innbyggjarar og foreldre i krinsane ønskjer ro i skulesakene – og ikkje stadige omkampar om kva skular som er opne og ikkje. No har kommunestyret bestemt at det skal lagast ein kvalitetsplan for skule og barnehagar, og det er vi naturlegvis samd i.

Men problemet med planen er at fleire parti ser på denne som ein måte å bli kvitt ein skule eller to på. I valkampen har fleire parti svara at dei er mot nedlegging av skular, men at dette skal vurderast i samband med kvalitetsplanen. Dei seier altså at nærskular ikkje nødvendigvis gjev den beste kvaliteten, men at dei skal sjå dette i ein heilskap. Det høyrest fint ut – men eg meinar det er å føre veljarane bak lyset. Når folk ønskjer å legge skuledebatten død, må kvalitetsarbeidet ha som premiss at skulekrinsane består. Eg er sikker på at arbeidet med kvalitet tek for gitt at Hareid skule skal bestå. «Kvalitetsarbeidet skal handle om innhaldet i skulen, pluss at Hareid skule skal vere som i dag eller bli større.» Det er dette som ligg i svaret frå fleire parti i valkampen. Men eg er klinkande klar på at skular i Hjørungavåg og Bigset er ein kvalitet i seg sjølv – og at desse skulane skal vere ein premiss for det vidare kvalitetsarbeidet. Det er snakk om til saman 200 elevar og hundrevis av dugnadstimar, samarbeid, folkehelse, frivillighet, idrett- og kulturaktivitetar. Skulle desse inn i ein ny storskule slik fleire parti leflar med ne, ville vi miste meir enn vi tener både når det gjeld kvalitet, økonomi og nærmiljø.

Kristian Fuglseth

Folkelista for Hareid kommune